


Vedlegg 1 Tilleggsutgreiing barnehage- og skulebruksplan Suldal



1 Innleiing

Dette vedlegget viser lokasjon, dimensjonering, arealprogram og kalkylar for bygging av ny skule ved Tysingvatnet, i tillegg til *oppgraderte* kostnadar for alternativa 0-4 frå førre utgreiing. Alternativet som inkluderer Tysingvatnet vert kalla Alternativ 6 i utgreiinga. Alternativet betyr at elevane som no soknar til Marvik, Jelsa og Erfjord vert flytta til den nye skulen, i tillegg til at elevar ved Nesflaten vert overført til Vinjar oppvekstsenter.

I denne utgreiinga vert skulen kalla *Tysingvatnet skule*. Dette er ikkje eit vedteke namn på ein eventuell ny skule, men skulen er av praktiske årsaker namnsett med referanse til lokasjon.

I tillegg er det lagt inn eit Alternativ 5 i utgreiinga. Dette låg ikkje inne som alternativ i kunnskapsgrunnlaget frå Norconsult frå 2025, men var inne som tilråding frå kommunedirektøren i saka. I dette alternativet vert elevar frå Marvik overført til Sand, Jelsa vert overført til nytt Stølane oppvekstsenter og Nesflaten går til Vinjar oppvekstsenter.

1.1 Påverknad på andre alternativ

I kunnskapsgrunnlaget frå 2025 vart eit Alternativ med *ein* skule i sør teken vekk som aktuelt alternativ i ein grovsilingsprosess *før* ein kom til alternativsvurderinga. Følgjande grunngjeving vart gjeve:

- ▶ *Alternative lokasjonar for ein felles skule i sør er testa ut i GIS-analysar; Gjev høvesvis større avstandar og reiseveg for mange elevar. Båtruter vil krevja fleire anløp og / eller mange tilførselsruter med buss, og eit større omfang vil vere kostnadskrevjande.*
- ▶ *Fleire elevar lyt krysse fleire rasutsette område. Kan vere i målkonflikt med å satse på grendene og distrikta i kommunen.*

Dette alternativet, med ny skule lokalisert ved Tysingvatnet, skal alternativvurderast i denne tilleggsutgreiinga. Ein konsekvens av eit slikt alternativ for skule (Alternativ 6 Ny Tysingvatnet), er at ein ikkje opprettar oppvekstsenter i sør. Dersom dette alternativet vert vedteke, vil derfor ikkje Alternativ 2 for barnehage vere eit mogleg alternativ.

Alternativ 5 (kommunedirektøren si opphavelige tilråding) inneber oppvekstsenter i Stølane (Jelsa + Erfjord + Stølane). Heller ikkje dette alternativet mogleggjer tilrådd alternativ 2 for barnehage.

2 Stølane oppvekstsenter i alternativ 5

I alternativ 5 vert elevar frå Marvik overført til Sand, Jelsa vert overført til nytt Stølane oppvekstsenter og Nesflaten går til Vinjar oppvekstsenter.

Kostnadane til dette alternativet byggjer på kommunedirektøren si saksutgreiing frå 2025, men er oppdatert med same faktor for pris- og lønsauke som alternativa 0-4.

Vi har i tillegg justert areal til nytt areal skule frå b75-skule som ligg til grunn i saksutgreiinga (1337 m² nybygg) til b100-skule (1810 m²) slik at ein faktisk skal ha plass til elevane både frå Erfjord og Jelsa.

NB: Denne kapasiteten tek framleis ikkje høgde for å romme elevar frå nabokommunen.

Nye 2026-tal for Stølane oppvekstsenter

Investering Stølane alt 4: 136 mill.

- Bhg: investering 47,4mill.
- Skule: (Berre Erfjord, b-75) 88,6 mill.

Investering Stølane alt 5: 165,5 mill.

- Bhg: investering 47,4 mill.
- Skule: (Erfjord + Jelsa, b-100) 118,1 mill. (auke på 29,5 mill. frå alt 4)

NB: I politisk sak er investeringskostnaden på 129,1 mill. for Stølane oppvekstsenter knytt både til skule- og barnehagedelen, medan ein i kalkylen i kapittel 4 i vedlegget har fokus på prissette konsekvensar for endringar i skulestrukturen.

3 Tysingvatnet skule i alternativ 6


Alternativ 6 medfører bygging av ny Tysingvatnet skule. Denne skal erstatte skulane på Jelsa, Marvik og Erfjord.

3.1 Lokalisering av skulen

Kommunen har ikkje spesifisert nøyaktig plassering av skulen ved Tysingvatnet. I denne utgreiinga er følgjande plassering lagt til grunn:

Formål i kommuneplan:

- Arealbruk: Andre typer bebyggelse og anlegg.
- Beskrivelse: Næring, industri, kontor, tenesteyting



Figur 1 Utklipp frå kommuneplanen, Kommunekart.com

3.2 Reiseveg

Ny lokasjon av sentralisert skule i sør, medfører nye reiseveggar for elevane. I kalkylen er dette tatt inn som kostnad ved skyss til alle elevane frå krinsane Erfjord, Jelsa og Marvik.

3.3 Dimensjonering Tysingvatnet skule

Elevtal i dag: 113

Dimensjonering ny skule: 150 elevar

Utnyttingsgrad dersom bygging i dag: 75 %

Vidare moglegheitsstudie bør avklare om dette er rett dimensjonering, eller om ein ønskjer å gå noko ned på areal.

3.4 Arealprogram

Ny skule Suldal	Elevtal
SKULETYPE:	150
GENERELT LÆRINGSAREAL:	789
KLASSEROM	375
GRUPPEROM/FELLESAREAL	210
ELEVgarderobar/TOALETT	120
TILRETTELAGT LÆRINGSAREAL	54
SFO-BASE	30
SPESIELT LÆRINGSAREAL	385
FELLESAREAL/KANTINE	45
BIBLIOTEK	30
MUSIKK	90
SKULEKJØKEN	100
NATURFAG	0
KUNST OG HÅNDVERK	165
PERSONAL- OG ADMINISTRASJONSAREAL	190
ADMINISTRASJON (INKL SFO-LEIAR)	38
LÆRARARBEIDSPASSAR M/STØTTEFUNKSJONAR	90
MØTEROM	20
PERSONALROM	24
PERSONALGARDEROBAR/TOALETT	18
ANDRE FUNKSJONER	95
ELEV TENESTER/HELSE SJUKEPLEIAR	15
SKULELAGER	30
DRIFT	20
REINHOLD	30
IDRETTSAREAL	350
GYMSAL MED GARDEROBAR	350
SUM FUNKSJONSAREAL SKULE	1459
SUM FUNKSJONSAREAL IDRETT	350
SUM FUNKSJONSAREAL SKULE + IDRETT	1809
Brutto/funksjonsareal faktor	
SUM BRUTTOAREAL SKULE (NETTO* B/N faktor 1,45)	2115,6
SUM BRUTTOAREAL IDRETT (NETTO* B/N faktor 1,45)	508
SUM BRUTTOAREAL (NETTO* B/N faktor)	2623

Skulen er programmert med utgangspunkt i Norconsult sitt standard arealprogram, forslag til nye skular vart i kunnskapsgrunnlaget frå 2025.

4 Prissette konsekvensar

4.1 Føresetnader

Under prissette konsekvensar gjer vi greie for dei økonomiske følgjene av dagens struktur og dei ulike strukturalternativa for skule. For barnehage er det ikkje gjort nye utrekningar. Vi viser her til tala i førre rapport.

Målet med prissettinga er å synleggjere driftskostnader, investeringsbehov og potensielle innsparingar ved ulike strukturval. Tala er ikkje meint som underlag for budsjettering.

Grunnlag og hovudpostar

- **Lønnskostnader:**
 - *Skule:* Alle lønnsutgifter til skulepersonell inkl. sosiale kostnader, basert på Suldal kommune sin tildelingsmodell.
- **Bygningsdrift (FDV):** Årlege kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald samt utviklingskostnader ført på drift. Samanlikningsgrunnlag er 2024-rekneskap med auke på 4 %; frå 0+ nyttar vi anbefalt FDV-kostnad per m² (Norsk prisbok) på **NOK 1 289/m² BTA**.
- **Skyss:** Årlege kostnader til skuleskyss etter fylkeskommunal sats og kommunale vedtak. For båtskyss Jelsa–Kjølvik er det lagt inn stipulert leverandørpris på **NOK 3,8 mill./år**. Dette er likt føresetnadane frå førre rapport.
- **Investeringar:** Kostnad til oppussing, middels og tyngre ombygging, nybygg/tilbygg og eventuell riving. Beløp er rekna på overordna nivå per m²; detaljprosjektering krev nærare moglegheitsstudium.

Definisjon av investeringsnivå

- **Oppussing:** Overflateoppgradering og mindre vedlikehald.
- **Middels ombygging:** Mindre strukturelle grep, optimalisering av areal.
- **Tyngre ombygging:** Hovudombygging eller konstruksjonsendringar, ofte krav etter TEK-17.
- **Nybygg:** Nye areal for å sikre kapasitet, lovkrav og framtidretta standard.
- **Riving:** Kostnad knytt til fjerning av bygg/delar ved rehabilitering eller nedskalering.

Kort konsekvensforklaring Prissettinga viser både dei direkte kostnadene ved å drifte dagens, oppgraderte eller samanslåtte anlegg, og det tekniske sparepotensialet ved strukturendringar. Tala må brukast som grunnlag for politiske avvegingar mellom kvalitet, reiseveg, barns beste og økonomisk berekraft.

Tidlegfasekalkylar er eigna til å vurdere retning og samanlikne alternativ, men ikkje til budsjettering. For å etablere eit budsjettgrunnlag må prosjekta vere tilstrekkeleg definert til at det kan utarbeidast ein mengdebasert kalkyle med dokumenterte føresetnader og gjennomført usikkerheitsanalyse.

Utrekning av investeringskostnader: Vi nyttar kvadratmeterprisar (NOK/m² BTA, inkl. MVA) etter kontoplan som vist i NS3453 – Spesifikasjon av kostnader i byggeprosjekt. Prisane lagt til grunn i vedlegget:

Oppussing	Middels ombygging	Tyngre ombygging (TEK 17)	Nybygg	Riving	Nytt ute
10 400	20 800	41 600	62 400	5200	5 200

For uteareal ny skule Tysingvatnet er det lagt inn eit investeringsbehov på 12 mill. til uteområde for elevane (leik, rekreasjon, idrett, kvile, ly, uteskule etc.). Dette er eit grovt estimat bygd på erfaringstal og behov i tilsvarande skuleprosjekt.

Kapitalkostnader

Kapitalkostnader dekker årlege avdrag og renter på lån til investeringar. Investeringskostnadene er berekna ut frå omfang av tiltak og siste kvadratmeterprisar frå Norsk Prisbok (mars 2025 og påslag 4% for prisauke), med skjønsmessig vurdering av ombyggingsgrad. Vi legg til grunn rente 4 %, 30 års nedbetaling, annuitetslån. MVA er trekt frå i berekningane.

Følgjande er ikkje inkludert i dei økonomiske berekningane

- Etterbruk (sal, utleige, riving eller formålsending) er ikkje rekna som kostnad eller inntekt; dette bør handsamast som eiga sak i samband med struktursaka.
- Grunnarbeid til skulen er medrekna i kalkylen, men ikkje tilførselsveggar og anna infrastruktur som vatn og avløp.
- Inventar er ikkje medrekna, bortsett frå det som allereie ligg i kontoplanen.
- Mellombelse lokale ved oppgradering er ikkje prisa; vi forutset bruk av ledig kommunal kapasitet. Alternativ må kostnadsbereknast særskilt.
- Tilskot per grunnskule (statleg ordning på om lag NOK 0,5 mill/år per skule, sats 2024 ≈ NOK 540 000) er ikkje innarbeidd i alternativanalysane på grunn av politisk usikkerheit nasjonalt. Merk likevel at éin færre skule i praksis vil redusere kommunens frie inntekter med om lag dette beløpet per år (per mars 2025).

Kostnadar skule - oppsummering

Samletabellen viser kostnadar til skuledrift, skyss, bygningsdrift og kapitalkostnader for dei ulike strukturalternativa. Kostnadar og endringar per år.

- **Lønn:** Viser årleg kostnad og endring frå alternativ 0 (rekneskap 2024). Kommunale tal.
- **Skyss:** Årleg kostnad med utgangspunkt i skyssbehovet i dei ulike alternativa.

- **FDV:** Årleg driftskostnad for skulebygg. Bygger i 0-alternativet på prisjusterte rekneskapstal for 2024. Frå 0+-alternativet brukar vi tilrådd kostnadsnivå frå Norsk Prisbok per m² BTA.
- **Kapitalkostnad:** Årleg utgift til rente og avdrag ved lån til investering. MVA trekt frå.

4.2 Oppdatert overordna kalkyle

Den oppdaterte kalkylen viser at alternativ 0+ framleis er det dyraste alternativet, med samla årlege kostnader på om lag 96,4 mill. kr, hovudsakleg driven av høge FDV- og kapitalkostnader knytt til oppgradering og vidareføring av mange bygg.

Blant strukturendringane ligg alternativ 2b relativt høgt i kostnad, med ca. 94,9 mill. kr per år, særleg som følgje av auka skysskostnader og kapitalkostnader knytt til nybygg/løysingar rundt Kjølvik. Alternativ 2a kjem noko lågare, med ca. 93,4 mill. kr per år.

Alternativ 3 og 4 ligg begge i området 92–93 mill. kr per år, og har like årskostnader på lønn, FDV og samla struktur, men med noko ulike fordelingar mellom skyss og kapital. Desse alternativa gir ei innsparing samanlikna med både 0+ og dei to alternativa med éin-og-éin-nedlegging.

Det nye alternativ 6 (Tysingvatnet) kjem økonomisk noko betre ut av strukturendringane enn alternativa 2-4, med samla årlege kostnader på om lag 90,7 mill. kr (ca. 2 mill. mindre enn alt. 4). Samanlikna med vidareføring av dagens situasjon (alternativ 0) ligg alternativ 6 om lag 6,7 mill. kr høgare per år, men gir samstundes tydeleg reduksjon i driftskostnader målt mot alternativa 0+ - 4.

Det økonomisk mest gunstige alternativet er alternativ 5 (Jesla til Erfjord (Stølane oppvekstsenter), Marvik til Sand og Nesflaten til Vinjar (oppvekstsenter)). Alternativ 5 har lågast årleg FDVU-kostnad av alle alternativa, om lag NOK 1,4 mill. ned frå dagens nivå.

Sjå tabell for oversikt neste side.

Alternativ 0 - Videreføring av dagens situasjon		Alternativ 0+ : Uendra struktur, oppgrADERE til god standard, tilråDD FDV-nivå		Alternativ 2a: Legge ned Nesflaten skule og flytte elevane til Vinjar, oppgrADERE resten av skulane som 0+, tilråDD FDV-nivå		Alternativ 2b: Leggje ned Jelsa. Flytte elevane, saman med Marvik skule, til Kjølvik (nytt bygg som erstatning for Marvik skule). OppgrADERE resten av skulane som 0+, tilråDD FDV-nivå	
Lønnskostnad	71,4 mill	Lønnskostnad	71,4 mill	Lønnskostnad	69,6 mill	Lønnskostnad	68,8 mill
Nesflaten	3,2 mill	Nesflaten	3,2 mill	Nesflaten	-	Nesflaten	3,0 mill
Vinjar	13,0 mill	Vinjar	13,0 mill	Vinjar + Nesflaten	14,4 mill	Vinjar	12,5 mill
Sand	36,4 mill	Sand	36,4 mill	Sand	36,4 mill	Sand	36,4 mill
Marvik	5,0 mill	Marvik	5,0 mill	Marvik	5,0 mill	Marvik Kjølvik + Jelsa	7,8 mill
Jelsa	4,3 mill	Jelsa	4,3 mill	Jelsa	4,3 mill	Jelsa	-
Erfjord	9,6 mill	Erfjord	9,6 mill	Erfjord	9,6 mill	Erfjord	9,2 mill
Endring pr år	-	Endring pr år	-	Endring pr år	-1,81 mill	Endring pr år	-2,57 mill
Skyskostnad	2,5 mill	Skyskostnad	2,5 mill	Skyskostnad	2,6 mill	Skyskostnad	6,3 mill
Endring per år	-	Endring per år	-	Endring per år	0,12 mill	Endring per år	3,83 mill
FDV kostnad	10,2 mill	FDV kostnad	14,0 mill	FDV kostnad	12,7 mill	FDV kostnad	12,7 mill
Nesflaten	1,0 mill	Nesflaten	1,3 mill	Nesflaten	-	Nesflaten	1,3 mill
Vinjar	1,9 mill	Vinjar	3,9 mill	Vinjar + Nesflaten	3,9 mill	Vinjar	3,9 mill
Sand	3,5 mill	Sand	4,6 mill	Sand	4,6 mill	Sand	4,6 mill
Marvik	1,0 mill	Marvik	1,3 mill	Marvik	1,3 mill	Marvik Kjølvik + Jelsa	1,3 mill
Jelsa	1,2 mill	Jelsa	1,3 mill	Jelsa	1,3 mill	Jelsa	-
Erfjord	1,4 mill	Erfjord	1,7 mill	Erfjord	1,7 mill	Erfjord	1,7 mill
Endring per år	-	Endring per år	3,9 mill	Endring per år	2,6 mill	Endring per år	2,6 mill
Kapitalkostnad	-	Kapitalkostnad	8,40 mill	Kapitalkostnad	8,37 mill	Kapitalkostnad	6,98 mill
Nesflaten	-	Nesflaten	0,02 mill	Nesflaten	-	Nesflaten	0,02 mill
Vinjar	-	Vinjar	0,40 mill	Vinjar + Nesflaten	0,40 mill	Vinjar	0,40 mill
Sand	-	Sand	0,50 mill	Sand	0,50 mill	Sand	0,50 mill
Marvik	-	Marvik	2,25 mill	Marvik	2,25 mill	Marvik Kjølvik + Jelsa	3,14 mill
Jelsa	-	Jelsa	2,31 mill	Jelsa	2,31 mill	Jelsa	-
Erfjord	-	Erfjord	2,92 mill	Erfjord	2,92 mill	Erfjord	2,92 mill
Endring pr år	-	Endring pr år	8,40 mill	Endring pr år	8,37 mill	Endring pr år	6,98 mill
Sum	84,1 mill	Sum kostnader	96,3 mill	Sum kostnader	93,3 mill	Sum kostnader	94,9 mill
Differanse til Alternativ 0		Differanse til Alternativ 0	12,3 mill	Differanse til Alternativ 0	9,3 mill	Differanse til Alternativ 0	10,8 mill
Differanse til alternativ 0+	-12,3 mill	Differanse til alternativ 0+		Differanse til alternativ 0+	-3,0 mill	Differanse til alternativ 0+	-1,5 mill

Alternativ 3: Legge ned 2 skular Nesflaten til Vinjar og Jelsa/Marvik til Kjølvik. Oppgradere resten av skulane som 0+, tilrådd FDV-nivå		Alternativ 4: Legge ned 2 skular. Ny struktur med tre oppvekstsenter i distrikta (og framhald 1-10 skule i sentrum). Oppgradere resten av skulane som 0+, tilrådd FDV-nivå		Alternativ 5: Jelsa til Erfjord (Stølane oppvekstsenter), Marvik til Sand og Nesflaten til Vinjar (oppvekstsenter)		Alternativ 6: Opprette ny skule i sør;Tysingvatnet. Legge ned Nesflaten, Jelsa, Marvik og Erfjord. Behalde Sand og Vinjar (oppvekstsenter)	
Lønnskostnad	67,4 mill	Lønnskostnad	67,4 mill	Lønnskostnad	62,0 mill	Lønnskostnad	66,8 mill
Nesflaten	-	Nesflaten	-	Nesflaten	-	Nesflaten	-
Vinjar + Nesflaten	14,4 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	14,4 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	14,4 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	14,4 mill
Sand	36,4 mill	Sand	36,4 mill	Sand + Marvik	38,1 mill	Sand	36,4 mill
Marvik Kjølvik + Jelsa	7,5 mill	Oppvekstsenter: Marvik Kjølvik + Jelsa + Kjølvikstølen bhg	7,5 mill	Marvik	-	Marvik, Jelsa og Erfjord	-
Jelsa	-	Jelsa	-	Jelsa	-	Jelsa	-
Erfjord	9,2 mill	Oppvekstsenter: Erfjord Stølane + Stølane bhg.	9,2 mill	Erfjord + Jelsa i Stølane	9,6 mill	Tysingvatnet	16,1 mill
Endring pr år	-4,06 mill	Endring pr år	-4,06 mill	Endring pr år	-9,44 mill	Endring pr år	-4,63 mill
Skyskostnad	6,4 mill	Skyskostnad	5,9 mill	Skyskostnad	2,1 mill	Skyskostnad	3,1 mill
Endring per år	3,95 mill	Endring per år	3,39 mill	Endring per år	-0,38 mill	Endring per år	0,61 mill
FDV kostnad	11,5 mill	FDV kostnad	11,5 mill	FDV kostnad	11,4 mill	FDV kostnad	11,8 mill
Nesflaten	-	Nesflaten	-	Nesflaten	-	Nesflaten	-
Vinjar + Nesflaten	3,9 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	3,9 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	3,9 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	3,9 mill
Sand	4,6 mill	Sand	4,6 mill	Sand + Marvik	4,6 mill	Sand	4,6 mill
Marvik Kjølvik + Jelsa	1,3 mill	Oppvekstsenter: Marvik Kjølvik + Jelsa + Kjølvikstølen bhg	1,3 mill	Marvik	-	Marvik, Jelsa og Erfjord	-
Jelsa	-	Jelsa	-	Jelsa	-	Jelsa	-
Erfjord	1,7 mill	Oppvekstsenter: Erfjord Stølane + Stølane bhg.	1,7 mill	Erfjord + Jelsa i Stølane	1,7 mill	Tysingvatnet	3,4 mill
Endring per år	1,3 mill	Endring per år	1,3 mill	Endring per år	1,3 mill	Endring per år	1,7 mill
Kapitalkostnad	6,95 mill	Kapitalkostnad	8,15 mill	Kapitalkostnad	6,38 mill	Kapitalkostnad	9,03 mill
Nesflaten	-	Nesflaten	-	Nesflaten	-	Nesflaten	-
Vinjar + Nesflaten	0,40 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	0,40 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	0,40 mill	Oppvekstsenter: Vinjar + Nesflaten + Vinjar bhg	0,40 mill
Sand	0,50 mill	Sand	0,50 mill	Sand + Marvik	0,50 mill	Sand	0,48 mill
Marvik Kjølvik + Jelsa	3,14 mill	Oppvekstsenter: Marvik Kjølvik + Jelsa + Kjølvikstølen bhg	3,14 mill	Marvik	-	Marvik, Jelsa og Erfjord	-
Jelsa	-	Jelsa	-	Jelsa	-	Jelsa	-
Erfjord	2,92 mill	Oppvekstsenter: Erfjord Stølane + Stølane bhg.	4,11 mill	Erfjord + Jelsa i Stølane	5,48 mill	Tysingvatnet	8,15 mill
Endring pr år	6,95 mill	Endring pr år	8,15 mill	Endring pr år	6,38 mill	Endring pr år	9,03 mill
Sum kostnader	92,2 mill	Sum kostnader	92,8 mill	Sum kostnader	81,9 mill	Sum kostnader	90,7 mill
Differanse til Alternativ 0	8,1 mill	Differanse til Alternativ 0	8,8 mill	Differanse til Alternativ 0	-2,2 mill	Differanse til Alternativ 0	6,7 mill
Differanse til alternativ 0+	-4,1 mill	Differanse til alternativ 0+	-3,5 mill	Differanse til alternativ 0+	-14,4 mill	Differanse til alternativ 0+	-5,6 mill